EMNE: Odvar Meland «kløyver» treskoemne med motorsaga.

NYE TRESKO: Oddvar Meland er godt i gong med å grava ut or venstreskoen. Til høgre ligg emne til høgreskoen.

TRESKOVERKTØY: Den spesielle treskokrakken der du kilar fast treskoemne når du skal til med «utgravinga». Oppå krakken ligg verktøyet.

90-åra vart det kvart år laga 80.000 par tresko, nesten storindustri og i alle høve god attåtnæring på gardane.

Kurslærar frå Samnanger

Helge Hisdal, som var lærar på kurset, har vore svært engasjert i å verna den gamle treskoverkstaden i Samnanger. På treskoverkstaden som vart nedlagt på 1960-talet, var det maskinell framstilling av tresko. Prosjektgruppa som har utarbeid Kommunedelplan for kulturminne for Samnanger, oppmodar sterkt om at verkstaden blir verna og skriv dette: «Treskoverkstaden står i dag slik den vart forlaten den dagen dei slutta med produksjonen. Verkstaden bør vurderast som eit regionalt og nasjonalt verneverdig teknisk kulturminne.»

– Eg var så heldig å bli kjent med Olav B. Lien og far hans i ungdommen, fortel Hisdal.

– Olav var den einaste som kunne læra meg korleis dei laga tresko slik han hadde lært av far sin på 50-60 talet. Me var heldige i Samnanger som fekk så god læremeistar til treskogravinga og at han dessutan gjekk med på at det vart filma av Arne Høyland, slik at teknikken er bevart for framtida, fortel Hisdal.

Både Samnanger kommune og Hordaland sogelag har støtta filmen økonomisk.

Treskokurset på Tysnes er det tredje i rekka, og om vel ein månad skal han til Stord å halda kurs der.

Alltid kjekt på slike kurs

Oddvar Meland, leiar i Tysnes Kystlag, var med på kurset. Han bur på Liastrando på Årbakka og var den som gjekk i skogen og fann treskoemne.

– Svartor og bjørk er mykje nytta til tresko, og eg fann eit fint svartoremne som var nok til seks-sju skopar. Treet vart felt eit par dagar før kurstart og det er litt viktig slik at stokken ikkje får turka alt for mykje før du tek til med treskoarbeidet. Alltid gildt å vera med på slike kurs, det er både sosialt og gjevande. Litt lite tid vart det med berre to timar på fredagen pluss laurdagen. Eg hadde med meg verktøy sjølv, men knekte alle skafta på skojerna fordi dei var mottetne, ler han.

Elles finst det moderne elektrisk verktøy i dag som gjer delar av arbeidet lettare og raskare.

– Me lærte nokre grunnreglar om korleis ein skal gå fram og det er gode tips å ta med seg.

På spørsmålet om treskoa er ferdige, så er dei ikkje det.

– Det er godt haust- og vinterarbeid når det er ufyseleg å gjera noko utandørs, svarar Oddvar.

Kjelder: Gards & Ættesoge for Tysnes, Samnanger: Kommunedelplan for kulturminne.

KAARE M. MALKENES
redaksjonen@tysnesbladet.no